

## Vedtekter for Meland kulturskule frå 1. mars 2015

Vedteken av Meland kommunestyre 25.03.2015. Vedtektene har 23 punkt.

Meland kulturskule tilbyr opplæring i musikk-, kunst- og kulturfag til born og unge under 19 år.

### Elevopptak

1. Kulturskulen tek opp nye elevar kvart semester. Søknad sendast digitalt på skulen si nettside innan **1.mai/1.november**. Det er inga opptaksprøve.
2. Dei som vert tekne opp som elevar må binda seg for minst eit halvt år. Ynskjer ein elev å avbryta undervisninga midt i eit semester, må han betale for heile semesteret.
3. Påmeldinga til kulturskulen gjennom [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) er bindande og dei føresette stadfester i søknaden at dei har lese kulturskulen vedtekter . Dersom eleven likevel ikkje ønskjer tildelt kulturskuleplass pliktar dei føresette å melde frå umiddelbart.
4. Oppseiing må skje skriftleg og innan fastsette fristar. Fristane er **1. mai** når ein skal slutte til sommaren, og **1. november** når ein skal slutte til jul. Alle heimar må re-registrere eleven kvart år i innan 1. mai og elevar som ikkje vert re-registrerte mistar plassen i kulturskulen frå påfølgande skuleår.
5. Ved sein utmelding krev kulturskulen eit gebyr på 250 kr eller full elevkontingent.
6. Dersom det er for mange søkjarar til ein disiplin vert opptaket gjort etter ei pedagogisk og organisatorisk vurdering, mellom likeverdige søkjarar vert opptaket gjort ved loddtrekning.
7. Søkjarar har klagerett på opptaket, klagefristen er tre veker etter avslaget. Klagen sendast Meland kommune, kommunalavdeling for kultur og oppvekst
8. Søkjarar som ikkje har eit tilbod i kulturskulen skal prioriterast framfor elevar som allereie har eit slikt tilbod. Dersom kapasiteten tillet det, kan elevar ta del i fleire aktivitetar/tilbod.
9. Søkjarar som registrerast etter fristen, kjem nedst på ventelistene.
10. Søkjarar kjem automatisk på venteliste dersom dei ikkje får plass umiddelbart, denne vert ikkje vidareført til nytt skuleår.
11. Dersom elevar av ulike grunnar ynskjer opphald frå undervisninga, kan dei søkje om permisjon. Dei er ikkje garantert plass etter dette, men vil bli prioritert framfor nye elevar.
12. Kulturskulen kan seie opp elevplassen dersom eleven ofte ikkje møter til undervisning, ikkje viser tilstrekkeleg interesse og engasjement, viser åtferd som er til hinder for undervisninga eller ved manglande innbetaling av eigendel.
13. Kulturskulen har ulike aldersgrense for ulike disiplinær:

Dans	4 år
Songgruppe	1. klasse
Song, einskildtimar	4. klasse
Piano/keyboard	2. klasse
Slagverk	2. klasse
Gitar	2. klasse
Band	5. klasse
Teater	1. klasse
Visuell kunst	1. klasse
Grunnkurs	1. klasse

Musikk frå første stund spedbarn og foreldre  
Elevane kan halde på plassen ut vårsemesteret det året dei fyller 19 år.

14. Søkjar må være busett i Meland kommune for å bli elev. Elevar frå andre kommunar kan verte vurderte dersom det er ledig kapasitet.

### **Betaling**

15. Eleven betaler eigendel som fordelast i to terminbeløp, eitt for hausten og eitt for våren. Eigendelen utgjer berre ein del av dei totale utgiftene, og er å sjå på som betaling for elevplass og ikkje for talet på undervisningsminutt. Storleiken på eigendel kan endrast i samband med semesterskifte i kontraktperioden – som følgje av politisk vedtak. Heimen vil då verte varsla.

16. Ved avlysing av undervisning ut over to gongar per hausthalvår og to gongar per vårhalvår vert delar av eigendelen refundert.

17. Elevavgifta skal betalast forskotsvis for eit halvt år om gongen (haust- og vårsemester).

18. Søskenmoderasjon/Familierabatt: 25% rabatt for barn nr. 2, for barn nr. 3 og 4 er rabatten 50%.

19. Dersom ein elev har to plassar, må det betalast full pris for plass nr. 2.

20. Elevane sørgjer sjølve for å kjøpe noter/materiell/kostymer osv som skal brukast i undervisninga, i nokre disiplinar er dette ein fast pris, i andre etter kostnad på innkjøpt materiell

### **Konsertar / framsyningar / utstillingar**

22. Kulturskulen arrangerer fleire konsertar, framsyningar og utstillingar i løpet av skuleåret. Å delta på slike arrangement som utøvar og/eller publikum er ein viktig del av undervisninga. Det ventast difor at alle elevar deltek (aktivt eller passivt) på slike tilstellingar minst ein gong per semester.

### **Skuleår og frammøte**

23. Kulturskulen følgjar same skulerute som grunnskulen i Meland kommune, med unnatak av siste veka før juleferien då det ikkje er ordinær kulturskuleundervisning.

Elevane pliktar å møta presis og førebudd til undervisningstimane. Sjukdom eller anna tvingande grunn til fråvær skal det om mogeleg gjevast melding om på førehand til eleven sin lærar, eller ved melding på første frammøte etter fråværet. Elevane kan ikkje få att timar dei har skofta.